



Avtale mellom Det Norske Samlaget, Høgskulen i Volda og Universitetet i Bergen om Norsk Ordbok med tilhørende samlingar

Det Norske Samlaget (DNS), Høgskulen i Volda (HVO) og Universitetet i Bergen (UiB) ser Norsk Ordbok med ordarkiv og samlingar som ein vesentleg del av underlaget for nynorsk språkkultur og norsk språk allment. Føremålet med denne avtalen er å bidra til å sikre langsiktig og føremålstenleg ivaretaking av Norsk Ordbok med tilliggjande leksikografiske samlingar.

DNS var samd i at Norsk Ordbok, med ordarkiv og samlingar, vart overført til UiB frå 2016, og ønskjer å halde fram med å bidra til å støtte opp om Norsk Ordbok, både når det gjeld revisjon av utdatert manuskript og tilvekst til samlingane som høyrer til.

UiB vil i samarbeid med HVO sørge for at arbeidet med Norsk Ordbok held fram som vitskapleg grunnforskningsarbeid. UiB har ansvar for drift av Norsk Ordbok på nett og språksamlingane som høyrer til, og likeins for utviklingstiltak.

UiB har ansvar for utarbeidd og korrekturlese manuskript for Norsk Ordbok. DNS har utgjevingsretten (forlagsretten) til Norsk Ordbok og svarer for produksjonskostnadene av papirutgåve med tilhøyr.

DNS skal fritt kunne nytte ordarkiva og samlingane til andre ordbøker og boktiltak.

For å ivareta desse oppgåvene opprettar UiB, HVO og DNS ei fagleg-konsultativ nemnd på fem personar for oppfølging av Norsk Ordbok. UiB og HVO oppnemner to medlemmer, DNS tre medlemmer. Nemnda har møte minst éin gong i året.

Avtalen varer til ein av partane seier han opp. Oppseiingstida er seks månader. Dersom det oppstår usemje eller tvist mellom partane, skal ein freiste å løyse dette gjennom forhandlingar

Bergen/Volda/Oslo

29. november 2018

Dag Rune Olsen

Rektor

Universitetet i Bergen

Johann Roppen

Rektor

Høgskulen i Volda

Edmund Austigard

Adm. direktør

Det Norske Samlaget